



Slik ligg dei 3 tomtane i høve til fylkesvegen og vegen ned til Beinavikjo

Prosjekt Konsult Kvinnherad har klagt på eit avslag på vegne av grunneigar Sigurd Utne som bur i Rådal men som har søkt om å få byggja på 3 tomtar vis a vis Trelastlageret i Beinavikjo. Avslaget gjeld dispensasjon frå byggjegrænse og utvida bruk av eksisterande avkøyrsel.

Det forundrar Utne at det er gjeve dispensasjon til byggjegrænse for ein ny bustad som ligg 70 meter lenger nord og 15 meter frå fylkesvegen.

Utne peikar og på at ein driftsbygning ligg 5 meter frå vegen og ein eldre bustad like langt unna - dei to er på kvar si side av dei 3 tomtane.

Vegvesenet har ikkje svarta på søknaden om utvida bruk av eksisterande avkjørsel.

Søkjaren meiner med dette at det har vore feil sakshandsaming og ber om ny vurdering. Han peikar på at dei eventuelle bustadane vert liggjande fleire meter under eksisterande køyrebane. Det vil gje mindre støy og det er dessutan 50 kilometers sone i området.

Den generelle byggjegrænse er 50 meter, men på særskild strekning kan den reduserast ned til 15 meter. - eller enda nærare i ein reguleringsplan.

Av Ola Matti Mathisen